

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Bremanger kommune

Utval: Kontrollutvalet - Bremanger kommune
Møtedato: 25.02.2013
Møtetid: 09.00
Stad: Formannskapsalen
Møtenr.: 01/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.
-andre:
Melding til: Ordførar(møte- og talerett), revisor(møte- og talerett) og vararepresentantar
(Vararepresentantar møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller 57 72 22 90 eller på e-postadresse: post@sekom.no


SAKLISTE

Sak 001/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 002/13 Skriv og meldingar.
Sak 003/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.
Sak 004/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.
Sak 005/13 Møteplan 2013
Sak 006/13 Oppfølgingsliste 1 – 2013 – merknader.

Svelgen 15.02.2013

for kontrollutvalet i Bremanger

Harry Gulestøl (s)
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariatet er et samarbeidsprosjekt mellom kommunene i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.02.2013	001/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.02.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.02.2013	002/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-13 Brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommune om avslutning av årsrekneskapen for år 2012, datert 10.01.2013.
- SM 02-13 Brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommune om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, datert 04.01.2013.
- SM 03-13 Brev frå Bremanger kommune til KRYSS revisjon om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, datert 18.01.2013.
- SM 04-13 E-post frå Sekom sekretariat til Bremanger kommune om tilsyn etter barnehagelova.
- SM 05-13 Brev frå Bremanger kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om Tilsyn etter barnehagelova, datert 23.04.2012.
- SM 06-13 Vedtak kst sak 109/13 Plan for selskapskontroll Bremanger kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

KRYSS REVISJONKOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORDDagleg leiar/
Revisjonssjef:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27

terje.forde@kryssrevisjon.no

Bank:

3705.08.27845

Org. nr.:

987 608 064 MVA

Bremanger kommune
v/Rådmannen
6723 SVELGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\årsavslutning2012/tv13

Arkivkode:

216

Journalnr.:

005 / 2013

Dokumentdato:

10. januar 2013

AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR ÅR 2012

Vi nærmar oss raskt fristen for rekneskapsavlegginga for 2012, 15. februar 2013, og i den samanheng vil revisjonen allereie no minne om at *kommunen* skal avlegge årsrekneskapen for år 2012 til *kommunerevisjonen* innan den frist som er sett i forskriftene § 10; dvs. innan den 15.02.13.

Vi ber om at årsrekneskapen vert *oversendt* KRYSS Revisjon så snart den ligg føre. Samband med oversending av den ferdigstilte årsrekneskapen ønskjer vi å innhente eigen uttale frå kommuneleiinga. Vi ber såleis om at det vert utferdiga ei eigen *fullstendighetserklæring* (eit eksempel brev følger vedlagt her) der det vert bekrefta at rekneskapen er *endeleg* avlagt, at den er *fullstendig* og *avstemt*, og at den *ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar*. I erklæringa til årsrekneskapen er det viktig at det blir gjeve opplysningar om andre vesentlege forhold som revisor bør ha med seg inn i det avsluttande revisjonsarbeidet for året. Vi viser til eksempelmalen på ei slik erklæring (vedlegg 1).

Revisjonen vil legge *mottaksdato* til grunn for eigen frist for oversending av revidert årsrekneskap til *Kontrollutvalet*, og vidare handsaming til *formannskapet* og *kommunestyret*.

Etter økonomibestemmelsane er periodiseringsfristen **31.12**. Vi minner her om at det er *anordningsprinsippet* som skal vere gjeldande, og i den samanheng viser vi også til at *bokføringslova* sine bestemmelsar no også eg gjeldande for kommunerekneskapen. Som ei hjelp i arbeidet med å etterleve *dokumentasjonskrava* i bokføringslova, og dei kommunale økonomibestemmelsar forøvrig, har vi laga til eit samandrag kring dette, og dette legg vi ved som vedlegg (vedlegg 2) til dette skriv.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten for 2012 er **31. mars 2013**.

Revisor skal stile revisjonsberetninga si til kommunestyret/bystyret v/ordføraren. Kopi går til *Kontrollutvalet* som skal handsame årsrekneskapen og revisjonsberetninga og skal kome med *uttale, og/eller eventuelle desisjonsforslag*, til årsrekneskapen til kommunestyret/bystyret før formannskapet gjev si *innstilling* i rekneskapssaka.

Forskriftene stiller krav om at *formannskapet* si *innstilling* overfor kommunestyret må innehalde *framlegg til bruk av overskot eller dekningsmåte for inndekking av underskot*. Innstillinga bør også innehalde korleis meirforbruk i kapitaldelen (investeringsrekneskapen) skal finansierast/budsjettmessig inndekkast.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Årsrekneskapen skal vere datert og underteikna av *rekneskapsansvarleg* og *administrasjonssjefen* (rådmannen), og *oppdragsansvarleg revisor* skal ved si påskrift referere til dato for tilhøyrande revisjonsmelding/-beretning.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskap, som ein i samråd med revisor velger å få retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato og nye underskrifter. Det må vere eit mål å ha minst mogleg med variantar av ein avlagd rekneskap, derfor bør det tilstrebast å ha ein mest mogleg korrekt, riktig og fullstendig rekneskap, med korrekte oversikter og rekneskapsutgreingar når årsrekneskapen blir oversendt revisor.

Frå 2010 kom det endringar i revisjonsstandardene som gjer at revisor utformer ei revisjonsberetning til årsrekneskapen etter ein ny norm i forhold til tidlegare. Vi avgav revisjonsberetninga til årsrekneskapen for 2011 etter dei nye standardkrava og det same vil skje for 2012. Dette er økonomisjefane/rekneskaps-sjefane kjende med frå kurs; jfr. bl.a. økonominettverkssamlingane i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet no er forplikta til å skrive *negativ revisjonsberetning* pr. 15.04.12, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Det er også strenge krav til dokumentasjon av balanseverdiane. Vi minner elles om at dokumentasjon på avstemd rekneskap også skal leggst fram for revisor. Vi ber derfor om at kommunen tilstreber å halde fristen for rekneskapsavlegginga og fristen for årsmeldinga.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2012, og vonar administrasjonen legg opp rutiner som sikrar at økonomibestemmelsane, og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2012.

Florø den 10. januar 2013

Med helsing


TRINE YOKUHL
 Trine Yokuhl

Kommunerevisor I

-operasjonell utøvande revisor Bremanger-

Vedlegg:

Eksempel på *fullstendighetserklæring* til årsrekneskapen for 2012

Revisjonsnotat 05.01.12: '*Dokumentasjonskrav i bokføringslova*'

Kopi til: Ordfører Karl Vidar Førde
 Økonomisjef Reidar Håvardstun
 Kontrollutvalet

Vedlegg nr. 1:**Eksempel/mal for fullstendigheitserklæring til årsrekneskapen 2012**

Til

KRYSS Revisjon

Strandgt 43

6900 Flora

**FULLSTENDIGHEITSERKLÆRING VEDK. FLORA KOMMUNE SIN
ÅRSREKNESKAP FOR 2012**

Vedlagt oversender vi endeleg, fullstendig og avstemt årsrekneskap m/vedlegg for kommunen for driftsåret 2012.

I tilknytning til kommunen si rekneskapsavlegging for 2012 bekrefter vi hermed følgjande, etter beste skjønn og overbevisning:

- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjende økonomiske forpliktelser av betydning – både påløpne og betinga.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelser for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Alle vesentlege garantiforpliktelser for kommunen ved utgangen av rekneskapsåret er medteke i oversikta over garantiforpliktelser pr. 31.12.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomsrett til alle eigendelar oppført i balansen. Eigendelane var i kommunen si varetekt pr. 31.12. og var ikkje stilla som sikkerheit utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktelser.
- Vi kjenner ikkje til at det er inntrufne hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentleg betydning for årsrekneskapen, utover det som fram går av dette.
- Vi har ikkje opplysningar om mislegheitar eller andre uregelmessigheiter av vesentleg betydning for årsrekneskapen som ikkje er kome til uttrykk i dette.
- Vi er kjende med vårt ansvar for å iverksette hensiktsmessige rekneskapsrutinar og kontrolltiltak for å forhindre og å avdekke mislegheiter og feil.
- Vi meiner at i den grad revisor har avdekka feil og manglar i årsrekneskapen som ikkje seinare er retta opp, dreier dette seg om forhold som både einskildvis og samla er uvesentlege for årsrekneskapen som heilheit. Vedlagt følgjer ei oppsummering av korleis slik ikkje-korrigert feilinformasjon virkar inn på årsrekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle viktige fakta vedkomande eventuelle mislegheiter eller mistankar om mislegheiter som kommuneleiinga er kjend med og som kan ha påverka kommunen.

- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultata av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følgje av misligheiter.

((ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov))

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg); jfr. elles det som er nemnt i årsmeldinga/årsrapporten som vil følgje rekneskapssaka:

(Stad, dato)

(Administrasjonssjef/Rådmann) (Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)

Vedlegg. Nr. 2**Revisjonsnotat 05.01.12;****Samandrag av 'Dokumentasjonskrav bokføringslova' – årsrekneskapen 2011**

Lova § 11 – Dokumentasjon av balanse (gjeld generelt)

- ☞ Ved utarbeiding av årsrekneskap *skal* det ligge føre dokumentasjon for *alle balanseposter med mindre dei er ubetydelege.*

Forskrift om bokføring:

§ 6-1 Varelager – i all hovudsak ikkje aktuelt for kommunal sektor

§ 6-2 Dokumentasjon av *bankinnskott, lånegjeld, kontantar*, o.l.

- ☞ Det skal ligge føre oppgåve frå finanseringsinstitusjon (bank, mv.)

NB! Bruk årsoppgåvene til kommunen for *fullstendighet!*

(> FAU, Elevråd, Klassekonti, osv., vurder vesentlegheit ifht å ta inn mot bunde fond)

>*Kontantkasser* – opptald ved årets slutt, datert, signert og evt differanser forklart!§ 6-3 Dokumentasjon av *finansielle instrument*

- ☞ Oppgåve frå VPS

§ 6-4 Dokumentasjon av *avsetningar*, nedskrivningar, mv.

- ☞ Skriftlegheit av vurderingar, berekningsmetodar og føresetnader.

Kunde- og leverandørreskontro:

- ☞ Aldersordelt saldoliste pr. 31.12.; verdi- og tapsvurdert – kva skal evt førast bort som tapt

Andre fordringar, kortsiktig gjeld og interimskonti

- ☞ Beløpa skal vere dokumentert med henvisning til bilag og det er ein fordel at vesentlege bilag er kopiert og lagt ved som dokumentasjon på bokført balanseverdi!

Anleggsmidlar (NB ! Ikkje krav om at inngåande fakturaer må leggest til eige arkiv), men:

- ☞ *Årets tilgang:* jfr. balansen skal vere dokumentert med **klar samanheng** frå

Balansen på avskrivingsgrupper; jf. § 8 – *Anleggsregisteret* med avskrivingsgrupper og funksjonar – til *Investeringsrekneskapet* på avskrivingsgrupper og funksjonar (som gjev bilagshenvisning)

>Sum investeringsutgifter = Sum aktiviering i balansen !!

- ☞ *Årets avgang* i balansen med klar samanheng frå balansen – anleggsregisteret – investeringsrekneskapen

>NB ! Nedskrivning utan salg framgår ikkje av investeringsrekneskapen, men skal dokumenterast med bilag

- ☞ *Avskrivningar*; jfr. anleggsmodul

>Påsjå at avskrivningar blir gjennomført korrekt (tilstrekkeleg avskrivningar, årets investeringar avskrivast normalt ikkje og då heller ikkje anskaffelsar over fleire år **før** ferdigstilt/teke i bruk***Omløpsaksjar skal nedskrivas; jfr. lavaste verdi's prinsipp, anleggsaksjar berre ved varig verdinedgang.******Hvis administrasjonen (rådmannen) meiner at verdipapirer bør (om-) klassifiserast som/til anleggsmidlar for å sleppe årleg nedskrivning, husk då at :******Finansielle omløpsmidlar og – anleggsmidlar*** (Forskjell/skilnad frå privat rekneskap !!!)

- ☞ Anleggsaksjar skal finansierast ved anskaffelsen (evnt. ved omklassifisering) !!! (NB!)
- ☞ Omløpsaksjar skal ikkje finansierast ved anskaffelsen !!!!

Vurdering av om aksjar er anleggsaksjar eller omløpsaksjar:

- ☞ Mest interessant ved anskaffelsen ifht finansiering
- ☞ Evnt klassifisering av verdipapirer til anleggsmildar må:
 - >Finansierast fullt ut i investeringsrekneskapen utan bruk av lånemidlar og NB!!!;
 - >Salg av Anleggsmidlar er investeringsinntekt i fht gevinst ved salg av omløpsmidlar som vil vere driftsinntekter !!!

Bundne fondsmidlar:

- ☞ Skal vere dokumentert med bestemmelsen som gjer at midlane er bundne !
- ☞ All avsetning til og bruk av bundne fond skal vere dokumentert; dvs. at dette faktisk er korrekt at beløpet skal til/frå eit bunde fond
- ☞ Status pr. 31.12.:
 - >Skriftleg vurdering av om fondet faktisk er eit bunde fond pr. 31.12.
 - >Skal „bundne“ fondsmidlar returnerast til (tilskots-) gjevar eller omklassifiserast ?
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får rydda opp her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Disposisjonsfond / Frie fondsmidlar:

- ☞ Er merka disposisjonsfond utgått; dvs. bør die tilbakeførast til generelt Disposisjonsfond ?
- ☞ Ubrukte midlar frå drifts- (års-) budsjettet 2011 kan ikkje automatisk avsetast til Disposisjonsfond med 'merkelapp' !
- ☞ Bruk av "merka" disposisjonsfond krev normalt budsjettvedtak; eventuelt delegert fullmakt frå Kommunestyret/Bystyret
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får gjort dette korrekt her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Rekneskapsføring av avdrag på lån; jfr. KRS nr. 2, pkt. 3.2 og 3.3

- ☞ **Alle betalte avdrag** på lån skal som hovudregel utgiftsførast i driftsrekneskapen
 - >Ikkje lenger noko skiulle på ekstraordinære og ordinære avdrag ifht rekneskapsføring
- ☞ **Driftsrekneskapen skal minimum belastast** med avdragsutgift
tilsvarande minimumsavdrag.
- ☞ **Avdrag**; ut over minimumsavdrag, **finansiert med investeringsinntekter** (ekskl. overføringar frå driftsrekneskapen og bruk av disposisjonsfond) **skal** rekneskapsførast (utgift) i investeringsrekneskapen
- ☞ **Refinansiering av lån; jfr. pkt. 3.5**
 - >Det er stilt krav om at innfriing av gamal gjeld (lån) og opptak av ny gjeld (refinansiering) har ein **samanheng**, samtidigheit og må vere innafor same år !

Minimumsavdrag

KRS nr 3 inneheld ikkje reglar for korleis minste tillate avdrag (minimumsavdrag) skal bereknast, men KRD (Kommunal og Regionaldepartementet) har gjeve to metoder; jfr. svarbrev av 25.09.2007 frå KRD til NKRF (Norges Kommunerevisorforbund).

- ☞ **Kommunelova § 50, nr. 7**
 - >Gjenståande løpetid for kommunane si samlå gjeldsbyrde kan ikkje overstige den veide levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved siste årsskifte.
 - >Omfattar all langsiktig gjeld og alle anleggsmidlar (Jfr. KL § 50, nr. 1 og 2)
- ☞ **Kommunen må gjere greie for korleis kravet til minimumsavdrag er Etterlevd og dokumentere dette som vedlegg til rekneskapen.**
 - >Når det gjeld metodane, *forenkla modell* og *reknearkmodellen*, så vert det vist til KRD-brev av 25.09.2007.

Kopi: Ordføreren
Kontrollutvalet

Bremanger kommune
v/Rådmannen

6723 Svelgen

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\\misleghaldtilsyn13/tv13	216	01 / 2013	4. januar 2013

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter, kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg uttale* frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Bremanger Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst mislegheiter som kan knytast til *realasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
 - *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
 - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og*
 - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2013.

Florø den 4. januar 2013
Med helsing

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I



BREMANGER KOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

KRYSS Revisjon
Strandgaten 43

6900 FLORØ

Vår ref.
13/35-2/K1-216//TOM

Dykkar ref.

Dato:
18.01.2013

Vedk. rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v.

Eg syner til dykkar brev datert 04.01.2013.

Underteikna har ikkje kjennskap til faktisk, mistenkt eller påstått misleghald i kommunen. I ein såpass stor og kompleks organisasjon som kommunen er, med eit stort tal tilsette og mange ulike einingar, kan eg likevel ikkje utelukke at dette kan skje.

Generelt sett vurderer eg risikoen for ev. misleghald størst i forhold til innkjøp av varer og tenester og sikring av at desse vert nytta til tiltenkte føremål i kommunen. Bremanger kommune har elektronisk bilagsføring i heile verksemda. Dette inneber m.a. at det ikkje er mogleg å tilvise utan at minst to personar har vore involvert i prosessen. Dette bidreg til redusert risiko for misleghald på innkjøpsområdet.

På bakgrunn av at risikoen vert vurdert som låg, er i avgrensa grad sett i verk tiltak med særskild fokus på misleghald. Eg meiner likevel dette ligg implisitt i arbeidet med implementering av nye rutinar og organisering av verksemda.

Svar på dei andre spørsmåla dykkar:

1. Rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald

Eg har ingen grunn til å tru at kommunen sin rekneskap inneheld vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald og vurderer risikoen for dette som liten.

2. Prosessar som lagt opp til å identifisere og handtere risiko for misleghald

Som nemnd innleiingsvis vurderer eg risikoen for misleghald som størst i samband med kjøp av varer og tenester. Den rekneskapsmessige inndelinga med tilvisingsmynde til namngjevne personar gjer at risikoen for store avvik er avgrensa. Den einskilde med tilvisningsmynde har avgrensa budsjett og store avvik vil fort kunne bli oppdaga. Det vert stilt krav til driftsleiarane om å ha fokus på økonomistyring, ved at dei rapporterar på forventa avvik kvar månad. Organiseringa med kommunalsjefstillingar

Kontoradresse: Rådhuset	Postadresse: Postboks 104	Telefon / telefaks:	E-post / web: tom.joensen@bremanger.kommune.no	Bankgiro: 3776.07.50035
6721 SVELGEN	6721 SVELGEN	57 79 63 01	www.bremanger.kommune.no	

innan oppvekst- og helse- og omsorgssektoren gjer og at oppfølginga overfor driftseiningane er tettare enn tidlegare.

Elles, som nemnd innleiingsvis, bidreg elektronisk handtering av inngåande faktura til redusert risiko for uønska hendingar.

- 3. Kommunikasjon mellom rådmann kommunestyret vedkomande slike prosessar**
Eg har ikkje eksplisitt sett på dagsorden prosessar rundt handtering av risiko for misleghald.

Gjennom jamleg rapportering til kommunestyret om status og utvikling vert det fokusert på politikarrolla sine hovudfunksjonar: ombuds-, styrings-, arbeidsgjevar-, og utviklarrolla. I denne samanhengen vil i ein skilde høve vere naturleg å fokusere på prosessar knytt til identifisering og handtering av risiko. Dette gjeld og i samband med handsaming av regelverk/retningslinjer og organisatoriske endringar.

- 4. Ev. kommunikasjon mellom rådmann og tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd**

Det vert halde minimum 4 driftssjefssamlingar kvart år med ulike tema. Då er kommunalsjefar, stab og alle driftssjefar samla. I tillegg vert det halde møte med kommunalsjefar og stab.

Målet med samlingane/møta er m.a. å skape felles haldningar og praksis i forvaltninga, samt å drøfte leiarrolla/-ansvaret i vid forstand. Her drøftar ein m.a. etikk og kommunen sine reglement/retningslinjer. Formidling av rådmannen sine syn i høve til forvaltningspraksis og etisk åtferd er ein naturleg del av dette.

Elles nyttar vi rundskrivsordninga til å formidle retningslinjer og forventningar til forvaltningspraksis.

- 5. Om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast mislegheiter som kan knytast til nærståande partar og transaksjonar med desse**


Bremanger har avgrensa nærståande partar det vert utført transaksjonar mellom som ikkje er regulert av fastsette marknadsprisar eller gebyr basert på sjølvkost. Selskap/føretak dette gjeld er:

Føretak/Selskap	Tenester	Fastsetting av pris
Bremanger Hamn og Næring KF	Sal av rekneskapstenester	Fastsetting i budsjettvedtak
Frøysjøterminalen KF	Sal av rekneskapstenester	Fastsetjing i budsjettvedtak
Miljøvarme AS	Kjøp av varmvatn	Avtalefesta
Rise næringsbygg AS	Leige av lokaler	Fastsett i vedtak

Underteikna har ikkje kjennskap til at kommunen er eksponert feil eller manglar som skuldast mislegheiter i samband med transaksjonar med desse.

Når det Bremanger Hamn og Næring KF er vedteke avvikla frå 31.12.2012. Funksjonane til selskapet vert lagt under kommuneadministrasjonen. Avviklingsrekneskapen vert levert til ordinær tid og balansen overført til Bremanger kommune.

Med helsing



Tom Joensen
Rådmann

Kopi:
Økonomisjefen

Tveit Asgeir

~~501/12~~
SM 04-13

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 29. november 2012 19:15
Til: 'Bremanger kommune (post@bremanger.kommune.no)'
Kopi: 'Gulestøl Harry (harry.gulestol@elkem.no)'
Emne: VS: Tilsynsrapportar Fylkesmannen

Vi viser til det som er skrive i epost av 24. oktober 2012. Sjå nedanfor. Vi ber om å få tilsendt tilsvaret til Fylkesmannen.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Twitter: @sgrtv

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 24. oktober 2012 13:08
Til: 'Bremanger kommune (post@bremanger.kommune.no)'
Kopi: 'Gulestøl Harry (harry.gulestol@elkem.no)'
Emne: Tilsynsrapportar Fylkesmannen

I kontrollutvalsmøtet i Bremanger 19.10.2012 i sak 021/12 Skriv og meldingar låg det ved følgjande rapport etter tilsyn utført av rådmannen:

- Tilsynsrapport datert 28.06.2012 – tilsyn med Bremanger kommune etter bl.a. barnehagelova.

Kontrollutvalet merka seg at det under nemnde tilsyn vart avdekka avvik.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak vedrørande tilsynsrapporten: «Kontrollutvalet ber om å få tilsendt tilsvare Bremanger kommune har gjeve Fylkesmannen etter tilsynsrapporten etter tilsyn etter lov om barnehagar av 28.06.2012».

Vi ber etter dette om å få tilsendt tilsvaret kommunen har gjeve Fylkesmannen på rapporten.

Med helsing

Asgeir Tveit



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.
12/921-1/K2-A10, K3-&58//GSK

Dykkar ref.

Dato:
23.04.2012

TILSYN ETTER BARNEHAGELOVA – BREMANGER KOMMUNE

Viser til dykkar brev av 20.02.2012 om tilsyn etter barnehagelova i Bremanger kommune 15.mai.

Vedlagt følger dokumentasjon de har bede om:

- 1) Organisasjonskart for kommunen – **vedlagt**
- 2) Delegasjonsreglement for kommunen – **vedlagt**
- 3) Kommunen si årsmelding eller tilsvarende – **vedlagt**, årsmeldinga for 2011 er enno ikkje handsama politisk. Sender difor årsmeldinga for 2010.
- 4) Årsrapport for barnehageområdet – **vedlagt**, årsrapport for barnehageområdet er ein del av tilstandsrapporten for oppvekstsektoren.
- 5) Kommunale planar som beskriv barnehageområdet – vedlagt, finst både i “Strategiplan for oppvekstsektoren” og i “Kompetanse- og kvalitetssikringsplan for grunnskulen og barnehagen”, begge vedlagt.
- 6) Verksemdsplan og årsplan for barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet – vedlagt, årsplanar for dei fire barnehagane som vert berørte av tilsynet, ligg ved: Svelgen barnehage, Langeneset barnehage, Kalvåg barnehage og Davik barnehage.
- 7) Godkjenningssdokument for alle barnehagane og oppvekstsenter i kommunen – **ikkje vedlagt**, ingen av barnehagane har godkjenning av nyare dato (Ålfoten barnehage godkjend av Helse- og sosialutvalet 18.06.85, Naustneset barnehage (nedlagt) godkjend av Kommunestyret 16.09.92, Svelgen barnehage godkjend av Fylkesmannen 18.04.84, Stasjonen barnehage godkjend av Kommunestyret 22.09.93).
- 8) Kommunen sin rutine for tildeling av barnehageplass: Sidan vi i fleire år har hatt full barnehagedekning i alle deler av kommunen, har kvar barnehage ordna med opptak – ikkje samordna opptak. Alle har fått plass på kort varsel, også barn i asylmottak. Søknadsfrist for hovudopptak er 1.april kvart år. Utlysing skjer på kommunen si heimeside og gjennom informasjon i kvar barnehage.
- 9) Oversikt som viser tal søkjarar ved siste hovudopptak. Sidan alle har fått plass, viser eg til vedlegg 14.
- 10) Oversikt som viser detaljert venteliste ved siste hovudopptak. Vi har ikkje venteliste – mange år sidan vi har hatt det.
- 11) Vedtektene for barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet – **vedlagt**, felles vedtekter for alle barnehagane i kommunen.

- 12) Kommunen sin plan for tilsyn, **vedlagt** (under pkt.13).
- 13) Oversikt over gjennomførte tilsyn og tilsynsrapportar frå 2010 til dd. – **vedlagt**, for å forenkle arbeidet har utfylt og godkjent skjema for tilsyn, også fungert som tilsynsrapport. Tilsynet har vore gjennomført ved at undertekna har vore fysisk i kvar barnehage, gått gjennom alle punkt i tilsynsskjemaet samt hatt tilsyn på uteområdet.
- 14) Dokumentasjon frå barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet som viser oversikt over styrarressurs, bemanning og barnegrupper slik dei er i dag – **vedlagt**, for dei fire barnehagane det gjeld.

NB! Dokumentasjonen er delt opp i to postsendingar.

Med helsing

Gunnar Skjølberg
kommunalsjef



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Kommunestyret	13.12.2012	109/10	TOM

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Saksansv.: Tom Joensen	K1-216	12/2676

Plan for selskapskontroll Bremanger kommune

Dokumentliste:

Vedlegg :

Nr.	T.	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	29.11.2012	Tveit Asgeir	Plan for selskapskontroll Bremanger kommune

- «Plan for selskapskontroll i Bremanger kommune 2012-2016» med vedlegg.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Kommuneloven
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar
- KST 082/12 – Eigarskapsmelding for Bremanger kommune
- Eigarskapsmelding for Bremanger kommune 2012

Kva saka gjeld:

Godkjenning av kontrollutvalet sitt framlegg til plan for selskapskontroll i Bremanger kommune for perioden 2012-2016, samt kontrollutvalet sitt framlegg til prioritering.

Bakgrunn for saka/saksutgreiing:

Kontrollutvalet behandla i møte den 28.11.2012, s. 29/12 «Plan for selskapskontroll – Bremanger kommune».

I sakutgreiinga heiter det:

«Det skal lagast plan for kontroll av selskap Bremanger kommune eig 100 % av eller er medeigar i for valperioden 2012-2015.

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Bremanger kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontrollen kan delast i to kategoriar:

- 1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.*
- 2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet og sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.*
- 3. Kommuneloven § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.*

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i, sjølv om desse ikkje er 100 % kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg til § 80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100 % kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsendring opne for fullt innsyn.»

Kontrollutvalet gjev i denne saka si innstilling om plan for selskapskontroll.

Vurdering:

Rådmannen har ikkje innstillingsrett i saka og kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Planen for selskapskontroll i Bremanger kommune for perioden 2012-2016 vert godkjend.

2. Kommunestyret prioriterer å få gjennomført eigarskapskontroll i Firda Billag AS.

.....

13.12.2012 Kommunestyret

KST-109/12 Vedtak:

Samrøystes vedtak som framlegget frå kontrollutvalet..

.....

003/13 PLAN FORVALTINGSREVISJON 2013 – 2016 - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 15.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.02.2013	003/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2013 - 2016 – Bremanger kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 026/11 og 28/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune for perioden 2013 – 2016.
- Planen har i utgangspunkt følgjande prioritering av prosjekt:
 - 1.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON 2013 - 2016- BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2013 – 2016.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteyrmda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalsmøte 28.11.2012 i sak 028/12 "Overordna analyse" vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Kontrahering av nybygg og nyanlegg.
- Innkjøp/inngåande fakturaer.
- Kontroll av lønsområdet i kommunen «All over» eller sektorvis.
- KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring.
- Sjølvkostberekningar.
- Kontrollav lønsområdet – Bruk av timelister.
- Evaluering av NN samarbeid.
- Tidsriktig rapportering til politisk nivå.
- Budsjettprosess/ fordeling av ressursar.
- «Korrekt handtering av din sak?»
- Oppfølging av vedtak i Bremanger kommune.

- Gjennomgang av innkreving av eidegdomsskatt.
- Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordningar.
- Sjukefråværet – årsak og samanhengar.
- Økonomistyring.
- Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenestekområder.
- Vurder IT/IKT samarbeid.
- Sjukefråveret
 - o Bruk av eigenmeldingar
 - o Fråværsregistreringar
 - o Personar på timelister.
- Sikring og bruk av kunst.
- NoMil
- Organisering av legeordninga.
- Innkjøpsrutinar. Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Bremanger kommune er delaktig i.
- Organisering av tenestene.
- Generell og spesiell sakshandsaming.
- Sakshandsaming, vedtak og svargjeving.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2013 – 2016.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet er kjent med at det av fleire kommunar i Sunnfjord er valt prosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen og inn mot melding og registrering og oppfølging av sjukefråvær. Det har elles tidlegare i desse kommunane vore gjennomført fleire prosjekt inn mot VAR-sektoren, inn mot sjukefråvær og inn mot økonomistyring. I Nordfjordkommunane er det for tida fokus på vedlikehald av kommunale eigedomar. Med tanke på synergieffekt, vil val av eit av desse prosjekta kunne medføre ei meir effektiv gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Plan for forvaltingsrevisjon

Bremanger kommune

2013 -2016



Innhold:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltinga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Kommunestyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for bystyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av KRYSS-revisjon. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltinga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltningsrevisjon

Forvaltingsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”..systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Under dette om

- a) *forvaltinga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med bystyret sine vedtak og føresetnader*
- b) *ressursbruken og verkemidla til forvaltinga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) *regelverket vert etterlevd*
- d) *styringsverktøya og verkemidla til forvaltinga er føremålstenlege.*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmende.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltingsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingsingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltingsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltningsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltningsrevisjonar vil bli rapportert til kommunestyret etter gjeldande retningslinjer.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde og om resultata av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet anten ved å sende rapportane vidare til bystyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

004/13 ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I BREMANGER

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 15.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	25.02.2013	004/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Bremanger kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Bremanger kommunestyre

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Bremanger kommune har i år 2012 vore samansett slik:

Medlemer

Harry Gulestøl (leiar)

Leo Cirotzki (nestleiar)

Inger Rise Hallset

Leni Lisæter (permisjon frå juni)

Rune Nordbotten

Varamedlemer:

Anne Sofie Hauge Igland

Joar Årøen (fast i permisjonstida til Lisæter)

Gjert Kåre Solheim

Per Gulestøl

Sigrid Solheim

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2012.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne §-en er det ei eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2012 har kontrollutvalet i Bremanger halde fem møte der det er handsama i alt 30 saker.

Kontrollutvalet tinga i 2011 overordna analyse frå Kryss revisjon. Overordna analyse er presentert for kontrollutvalet i 2012. Denne vil vere grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon, som vil bli handsama i første møte i kontrollutvalet i 2013.

Kontrollutvalet har i 2012 gjeve tilråding til kommunestyret om Plan for selskapskontroll.

Kontrollutvalet har ved fleire høve kalla inn rådmannen for å orientere. Kontrollutvalet har såleis fått følgjande orienteringar:

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

- Innkjøpsrutinar.
- Betalingsrutinar for innkomne fakturaer.
- Pleie- og omsorgstenesta.

Kontrollutvalet har i 2012 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har gjeve fråsegn til årsrekneskapen 2011 for Bremanger kommune, Bremanger Hamn og Næring KF, Frøysjøterminalen KF, Svelgen Idrettshus og Bremangerhallen.

Kontrollutvalet har også handsama sak om Revisor si eigenvurdering av uavhengigheit. Kontrollutvalet sendte saka til kommunestyret til orientering. Kontrollutvalet har også handsama sak om revisor sin habilitet i ei konkret sak.

Kontrollutvalet deltok i januar 2012 på seminar på Skei for nyvalde kontrollutvalsmedlemer.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Skriv og meldingar» og «Oppfølgingsliste - merknader».

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama «Møteplan for kontrollutvalet 2012» og «Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet».

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom at revisor har orientert om revisjonsarbeidet i samband med handsaming av årsrekneskapen for Bremanger kommune og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar og nummererte brev.

Svelgen 25. februar 2013

Harry Gulestøl (leiar)

Leo Cirotzki

Inger Rise Hallset

Joar Aarøen

Rune Nordbotten

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

005/13 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I BREMANGER 2013

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 15.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	25.02.2013	005/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2013.
- Møteplan Bremanger kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Bremanger for 2013 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I BREMANGER 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Bremanger for 2013.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2013 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinncalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL BREMANGER KOMMUNE 2013

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		25.		8.	27.					14.	27.	
FORMANSKAP	24.	14.	07.	11.	02.	06.						
KOMMUNESTYRE		07.	21.	25.		20.						

MØTEPLAN I.HALVÅR 2013 - BREMANGER KOMMUNE

	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Formannskapet	24.	14.	07.	11.	02.	06.
Kommunestyret		07.	21.	25.		20.
Finansutvalet						
Kontrollutvalet		25.		8.	27.	
Administrasjonsutvalet						
Eldrerådet						
Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne						
Kystvegen Måløy-Florø AS						
Kystvegen Ålesund-Bergen						
Vegopning-Bremanger II					16.	



Bremanger Kommune

006/13 OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 OG MERKNADER - BREMANGER

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 15.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	25.02.2013	006/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2013 Bremanger.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslista 1-2013 Bremanger vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 BREMANGER - MERKNADER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 15.02 2013

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2013 - Bremanger.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvals-arbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
25/11 Forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	14.11.11	Oppfølging av kommunestyret sine merknader til rapporten.	14.11.11: Tilråding til kst. 14.11.11 s/kst. 19.01.12 Vedtak kst sak 010/12
002/12 Skriv og meldingar.	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU – - Vedrørande SM 03-12: Kontrollutvalet ber om å få tilsvaret frå kommunen. Kontrollutvalet vil oppmode om at ein set i verk tiltak snarast uavhengig av frist frå Fylkesmannen. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune. 29.05.12 Svar vedlagt KU sak 012/12 SM 11-12. 29.05.12 Lat sak om SM 03-12 stå.
003/12 Innkjøpsrutinar – orientering v rådmannen	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU: 1. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørande innkjøpsordningar. 2. Elles blir orienteringa frå rådmannen teken til vitande. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune.
025/12 godkjenning av innkalling og sakliste	28.11.12		28.11.12 Vedtak KU – Ikkje merknader.
026/12 Skriv og meldingar	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU - Vedrørande SM 46-12: Det vert purra på tilsvaret frå Bremanger kommune til Fylkesmannen på rapport etter tilsyn med Bremanger kommune etter bl.a. barnehagelova, datert 28.06.2012. 29.11.12 Brev til Bremanger kommune. ???.?? Svar motteke SM 05-13. - Skriv og meldingar vert elles tekne til vitande.
027/12 Vurdering av kontrakt og habilitet i samb med kommunikasjon mellom KRYSS revisjon og FHU i Bremanger.	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek saka til vitande.
028/12 Overordna analyse.	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU.
029/12 Plan for selskapskontroll	28.11.12		28.11.12 Tilråding til kst. 28.11.12 s. kst. 13.12.12 Vedtak kst sak 109/12.
030/12 Oppfølgingsliste 4-2012 – merknader - Bremanger	28.11.12		28.11.12 Vedtak KU: - Neste møte vert sett til måndag i veke 9. - Oppfølgingslista 4-2012 Bremanger vert teken til vitande.

Oppdatert 15.02.13.